

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 06.09.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Olav Øen  
**SAKA GJELD:** **Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2023-2024**

**ARKIVSAK:** 2020/3560

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
21.09.2023

**STYRESAK:**  
054/2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

## Oppsummering

Beredskapsarbeidet i Helse Førde vert utført i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar.

Beredskapsarbeidet knytt til brannvern og nødvendige organisatoriske og tekniske tiltak har hatt stor merksemd. Brannøvingar vert gjennomført med årlege øvingar seksjonsvis og gjennomgang av lokale brannverntiltak. Evaluering av dette gjer at vi no startar med meir bruk av bordøvingar (table-top) på dei ulike einingane for å auke eigarskapen til brannvern. Vidare er det etablert årleg obligatorisk utsjekk i kompetanseportalen. Helse Førde har sikra framhald av ei god avtale om bruk av VR-briller til praktisk trening.

Beredskapsarbeidet nasjonalt – og ikkje minst innan helse – har fått større fokus, og vi ser i større grad på ulike samanhengar enn tidlegare. Det er venta ny plan for nasjonal helseberedskap i løpet av året.

Både helsepersonellkommisjonen, forsvarskommisjonen og totalberedskapskommisjonen viser utfordringar vi vil ha framover, for å halde tilstrekkeleg helsebereskap.

Like eins er det auke merksemd nasjonalt på straumforsyning, vassforsyning og e-kommunikasjon. Dette har også prega ein del av arbeidet med helseberedskap i vårt ansvarsområde.

Det er også stor fokus på sivilt-militært samarbeid, men dette har i mindre grad direkte påverka Helse Førde. Vi er delt mellom to HV-distrikt, og det er mindre militær aktivitet i vårt område.

Krisa i Ukraina har minimal innverknad på Helse Førde. Atomberedskapsplan er ikkje ferdigstilt, og ein saknar nødvendige avklaringar frå Direktoratet for strålevern og atomberedskap (DSA).

CBRNE-beredskapsplan har vore eit auka satsingsområde. Dette er beredskap for behandling av personskader som skuldast farlege kjemiske stoff, giftig røyk, radioaktiv stråling og biologiske smittestoff. CBRNE-beredskap er omfattande med krav til auka kompetanse og tilstrekkeleg utstyr. Helse Vest RHF har laga eigen delplan for dette som stiller krav til kvart helseføretak.

Det er godt samarbeid internt i Helse Vest og ikkje minst med kommunesektoren. Beredskap har også vore eit tema på vertskommunemøta der ein har tatt opp tema som vassforsyning, drivstoffproblematikk, kraftforsyning og ev. rasjonalisering, CBRNE-beredskap og kommunal samhandling.

Faste og tilfeldige bordøvingar er gjennomførte. Beredskapsleiinga har gjennomført ei regional atomberedskapsøving, først med ei internøving og deretter regional samhandling.

Lokal beredskapsleiing ved Lærdal sjukehus (LSH) og Nordfjord sjukehus (NSH) gjennomfører to-tre bordøvingar kvart år. IKT-stab har 8-10 faste øvingar kvart år.

Psykososialt støtteteam øver to gonger i året. Her inviterer vi også inn kommunar områdevis for å delta, noko som er svært nyttig for alle partar. Vi har også etablert pårørandesenter og er i ferd med å etablere organisatoriske og tekniske løysingar for pårørandetelefon.

## Grunnlag

Administrerande direktør rapporterer årleg på beredskapsarbeidet i helseføretaket. Styrande for arbeidet er nasjonal helseberedskapsplan og regional beredskapsplan som vart styrehandsama i 2022. I tillegg har vi fått delplan for CBRNE-beredskap og Helse Vest arbeider med plan for kommunikasjon ved beredskap (informasjon). Fleire delplanar skal lagast, m.a. for blodberedskap, personalressursar og kontinuitetsplanlegging, forsyningsberedskap, og sivilt-militært samarbeid.

I styringsdokumentet frå Helse Vest er det gjeve føringar for Helse Førde sitt beredskapsarbeid.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- *delta i internasjonale innsatsteam og kapasitetar, og bidra i arbeidet med å vidareutvikle desse i samarbeid med DSB og Helsedirektoratet med bakgrunn i gjennomførte evalueringar, under dette NOR EMT (emergency medical team) og helseteam.*

Det har ikkje vore aktuelt for Helse Førde å medverke i dette då oppgåva har lagt til Helse Bergen. Det har heller ikkje kome oppmoding om å stille ressursar. Ny gjennomgang av NOR EMT og helseteam peikar på at fleire føretak må stille ressursar til slike team.

- *utvikle operative beredskapsplanar koordinert med Forsvaret i heile krisespekteret basert på erfaring og kunnskap frå piloten i Helse Nord RHF.*

Helse Førde har deltatt i møte med HV-område 11. Dette har vore av meir generell art, og det er ikkje gjort samarbeidstiltak utover dette. Det har frå vår side vore etterlyst kva personell som må fristillast til Forsvaret ved ev. mobilisering. Svar på dette skal no vere avklart og oversendt Helse Vest. Med utgangspunkt i dette, og andre overordna føringar, må det verte sett i verk eit arbeid regionalt, der oppdraga er koordinert både hos oss, kommunehelsetenesta og Forsvaret.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har utarbeidd ein sektortilpassa versjon av Sivilt beredskapssystem for helsesektoren (SBS Helse). Denne er distribuert til etatar i den sentrale helseforvaltninga, statsforvaltarar, RHF, HF, SAV, HVIKT og kommunar som har særskilde oppgåver, og har etablert sikkerheitsorganisasjon med klarert og autorisert personell etter sikkerheitslova. Det er forventa at både kommunar og helseføretak har beredskapsplanar som dekkjer oppdrag som SBS Helse omhandlar, med utgangspunkt i rolla og ansvaret. Helsetenesta skal ved hendingar setje i verk tiltak vurdert som nødvendig for å oppretthalde tenesta, jamfør SBS.

Dette arbeidet vil krevje ein del samordning på tvers av dei ulike sektorane, og Helse Førde vil delta med ressursar der dette er nødvendig.

- *etablere nasjonalt begrensa nett (NBN) (tekst og tale) i samarbeid med Norsk helsenett SF.* Arbeidet er i slutføringsfasen. Rutinar og planverk for tryggleik er ferdigstilt og godkjent. Beredskapssjef er Helse Førde sin sikkerheitsleiar. Føringar frå helse- og omsorgsdepartementet via regionalt helseføretak stiller krav til kryptert informasjonsutveksling. Helse Førde har tinga nødvendig utstyr og tilgang til kryptert nett. Forsvarsdepartementet hadde synfaring i april. Fire sikkerheitsklarerte personar er utpeika til å kunne handtere denne type informasjon. Føretaket har fått sikra eige rom for handtering av kryptert informasjon.

- *sikre robust infrastruktur og bemanning i AMK-ane.*

Det interregionale AMK IKT-prosjektet er i innspurten av fase 1. Funksjonaliteten her er tilsvarande dagens løysing. I neste fase vil ein kunne etablere langt betre samhandling mellom AMK-sentralane, og det vil vere høve til å få realisert virtuell AMK i Helse Vest. Samordning av nødmeldetene vil gje betre løysingar for brukarane og AMK-operatørane.

For å få betre funksjonalitet må ein også etablere ny kommunikasjonsløysing for akuttmedisinsk kjede (KAK 2). Beredskapssjef sit i styringsgruppa som representant for Helse Vest, og Helse Førde deltek med ein AMK-operatør i brukargruppa. Det er inngått avtale om at løysing skal vere på plass i 2025.

- *vidareføre innsatsen med mottak av medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina og sørge for behandling av desse pasientane.*

Helse Førde har tatt imot svært få pasientar gjennom regional/nasjonal koordinering.

#### *Deltaking i ulike fora*

Helse Førde er representert ved beredskapssjefen i

- *regionalt beredskapsutval i Helse Vest – faste teamsmøte (eitt eller fleire pr. måned). Det er gjennomført fire fysiske samlingar siste tolv månader.*
- *statsforvalter sine beredskapssamlingar for kommunar og andre beredskapsaktørar.*
- *nasjonal beredskapssamling mellom RHF-a/HF-a - gjennomført i november 2022.*
- *nasjonal helseberedskapskonferanse gjennomført i november 2022.*
- *stab for lokal redningsentral (LRS) i Vest politidistrikt det det er gjennomført eitt møte og beredskapsøving.*
- *øvingsutvalet til Vest politidistrikt.*

Administrerande direktør er fast medlem av fylkesberedskapsrådet (FBR) med beredskapssjef som varamedlem. Det har vore fleire møte vedrørande krigen i Ukraina med vekt på flyktningar og atomberedskap. Sivilt-militær samarbeid vert drøfta, og førebuing til større samhandling. Like eins har energiforsyning vore tema. Fylkesberedskapsrådet har også vore samla m.a. under ekstremværet Hans, som i mindre grad råka indre deler av Helse Førde sitt geografiske ansvarsområde.

Det er gjennomført årleg samarbeidsmøte mellom leiinga i Vest politidistrikt og Helse Førde der administrerande direktør også deltek. Eitt av områda som har vore fokusert på er

økonomisk ansvar for pasienthandtering og bruk av politi. Det er no send ut ny rettleiar frå Politidirektoratet og Helsedirektoratet i høve dette.

### *Beredskapshendingar*

Beredskapshendingar i 2023 (2022) og fram til i dag fordeler seg slik;

- Bortfall av IKT 11 (5) hendingar
- Straumforsyning 5
- Generell beredskap 4 (5) hendingar

Raud beredskap: 1 (3) Gul beredskap: 3 (0) Grøn beredskap: 10 (3) Normal drift: 6 (4)  
Raud beredskap gjaldt regionalt bortfall av IKT-funksjoner der det mellom anna var problem å få logge seg på datasystema.

8 (2) av disse beredskapssituasjonane var planlagde IKT-forbetringsiltak som gjorde at vi måtte setje i verk beredskapsplanar. To av desse fekk oppjustert beredskapsnivå.

IKT-bortfall er diverre ein gjengangar og skapar utfordringar for drifta. IP-baserte system er avhengig av nettverk, brannmurar og serverar for å ha nødvendige funksjonar. Telefon og varslingsystem kan vere ustabil. Helse Førde er godt budde ved at vi har nødnett for å varsle alle akuttgrupper ved sjukehusa og prehospitale ressursar. Desse kan også nyttast til vanleg telefonsamtaler, men fungerer best teknisk i gruppesamtaler.

Ved oppføring av Livabygget ved Førde sentralsjukehus (FSS) har vi fått redusert nødnettdekning i sjukehuset, men vi er no i ferd med å betre dekninga i samarbeid med DSB og Motorola. Kostnaden ligg til Helse Førde.

Straumbortfall har vore eit problem ved spesielt ved Lærdal sjukehus. Vi har her ein gjennomgang av utfordringsbiletet med nettleverandør.

Ricin-hendinga fekk nasjonal merksemd. Dette førte mellom anna til betre kommunikasjon mellom CBRNE-senteret ved Oslo Universitetssykehus og Giftinformasjonsentralen. Parallelt med dette har det vore utvikla felles CBRNE-prosedyrar til bruk mellom 11x-sentralane.

### *Gjennomføring av tiltak*

Ut frå målet for beredskapsarbeidet i 2022/2023 har ein hatt fokus på desse oppgåvene, men ikkje alle har fått si endelege løysing:

- Forbetring og oppdatering av planverk, samt å få dette meir tilgjengeleg. Nye intranettsider har gjort dette meir synleg. Ein må halde fram revisjonsarbeid med planverk og betre visualisering av beredskapsplanen. Det er gjort omfattande arbeid med å utvikle tiltakskort og sjekklistar ved bortfall av ulike IKT-løysingar og nedetid på ulike pasientdatasystem. Det vert også arbeidd med ein gjennomgåande ROS-analyse for IKT og pasientbehandling.
- Det blir arbeidd regionalt med å gjere CBRNE-beredskapen betre. Det er kjøpt inn ein saneringsstasjon til kvart sjukehus, og supplert med innkjøp av personleg verneutstyr

utover nasjonal tildeling frå CBRNE senteret. Regional nettverksgruppe og lokal nettverksgruppe er etablert, og vil koordinere ein del aktivitetar.

- Opplæring og bruk av m.a. nødnett for god kommunikasjonsberedskap. Det er laga undervisningsopplegg for intrahospital bruk (nettkurs), og det vert no innskjerpa grunnleggande opplæring av vaktpersonell som nytter nødnettradio.
- Samhandling med eksterne aktørar, både nødetatar og andre organisasjonar/kommunar er gjennomført i noko grad siste året. Det er ein del koordinerte aktivitetar gjennom statsforvaltar og politidistriktet. Helse Førde samarbeider med Sogn og Fjordane Røde Kors om bruk av Røde Kors sitt VHF radionett ( analogt samband) som er meir driftssikkert ved bortfall av infrastruktur.
- Halde fram med å lære opp leiarar og tilsette i beredskapsplanverk. Her har beredskapssjef fått godkjenning for beredskapsvisitt på dei ulike einingane kvart andre år. Dette er planlagd løyst ved bruk av enkle bordøvingar som er aktuelle for den enkelte eining.
- For EPJ-systema er det utvikla betre beredskapsplanar i samsvar med dei ulike einingane og sikre gode delplanar med tiltakskort og sjekklister. Vi held no på med masseskademottak. Her skal vi også lage planverket saman med kommunane som har legevakt knytt til våre lokasjonar, slik at systema vert mest mogleg samkøyrde på tvers av sjukehusa og legevaktene i vårt område.
- Arbeidet med å etablere og øve sikkerheitsorganisasjonen og sikre mottak av kryptert informasjon er sett på vent, inntil løysinga er montert. Forsvarsdepartementet har vore på synfaring.

### *Øvingar*

Beredskapsplanen til Helse Vest RHF gjev føring for gjennomføring av øvingar i Helse Førde. Dette skal sikre at personell er i stand til for å løyse sine oppgåver, samtidig som ein får prøvd ut korleis beredskapsplanane fungerer. Gjennom fleire årlege øvingar skal Helse Førde øve på å gjennomføre planverk saman med andre sentrale aktørar. Beredskapsleiinga skal ha dekkja kompetansemåla på følgjande hovudområde:

- planverk
- kommunikasjonsverktøy
- proaktiv stabsmetodikk

Beredskapsleiinga i Helse Førde har gjennomført nettkurs i beredskapsleiing med bruk av pro-aktiv metode. Det er uttrykt ønskje om fleire øvingar i beredskapsleiinga, og dette vil administrerande direktør forsøke å intensivere. Det er også planlagt kurs i bruk av eksisterande beredskapshandteringssystem. Det skal neste halvår utgreiast om helsetenesta skal over til eit anna system.

Beredskapsleiinga i Helse Førde gjennomførte bordøving i handtering av atomulukke i havet vest av Florø, og deltok også i regional øving om dette.

Helse Førde deltek i varslingsøvingar i regi av regionalt beredskapsutval. Det er gjennomført nokre reelle øvingar mellom nødetatane, m.a. ved ei lufthamn.

Det er planlagd etablert eit øvingsutval internt i Helse Førde. Dette skal sikre mest mogeleg effekt av øvingane og nyttiggjering i heile organisasjonen.

Helse Førde deltek i LRS (Vest PD) sitt øvingsutval. Både kommunar og offentlege instansar tek kontakt om deltaking i øvingar. Dette i tillegg til pålagde øvingar med pågåande livstrugande vald (PLIVO). I vår gav både brannvern og Helse Førde tilbakemelding om at vi ikkje ønskjer å delta på øvingar der operasjonsentralen til politiet ikkje medverkar. Det er politiet ved operasjonsleiar som har mynde til iversekting av PLIVO, og då må heilskapen øvast. Tal PLIVO-øvingar vart halvert i år.

Psykososiale støttegruppe har hatt bordøving i vår saman med Sunnfjord kommune. Det er planlagt ny øving i haust med kommunane i Nordfjord. IKT-staben har regelmessige øvingar og gjennomgang av IKT-bortfall.

Vi klarer framleis ikkje å gjennomføre tilstrekkeleg tal øvingar med kommunane grunna manglande kapasitet både hos dei og oss.

Brannvernøvingar med bruk av VR-briller vert gjennomført kvar veke slik at alle tilsette i løpet av tre år har vore gjennom denne. Vidare er det seksjons-gjennomgang av brannvern årleg, og vi prøver no ut bruk av modellen med table-top også her.

### *Opplæring*

Det vert gjeve beredskapsopplæring til nyttilsette LIS1-legar og brorparten av studentar/lærlingar som skal vere i praksis i føretaket. Det har vore gjeve opplæring i beredskapsarbeid ved akuttmottaket ved FSS, samt at det er gjennomført opplæring av A-vakter ved portørseksjonen FSS, medisinske sengepostar ved LSH og NHS i funksjonen som brannvernleiar.

Beredskap som tema på HMS-kurs for verneombod og leiarar er innarbeidd.

Det er gjennomført fleire bord-øvingar for IKT-stab og lokal beredskapsleiing ved NSH og LSH.

Det er svara ut innspel til revidering av helseberedskapsplanen nasjonalt bygd på dei erfaringar som er gjort. Revisjon av beredskap skal bygge på evaluering og forbetring av planverk.

### *Hendingar, internkontroll og revisjon*

Som tidlegare er beredskapshendingar også siste året knytt hovudsakleg til IKT-utfall med sviktande tilgang til pasientopplysingar frå elektronisk journal.

Internkontrollen i Helse Førde har gjennomført tilsyn med beredskapskompetansen knytt til IKT-bortfall. Dei viktigste funna er:

- Sengepostar har varierende og til dels mangelfull opplæring av A-vakt sjukepleiar i beredskapsrutinar for bortfall av IKT. Oppdatering av nødperm er i varierende grad følgt opp. Tiltakskort og sjekklister lite tilgjengeleg.
- Manglande nødnettopplæring i tråd med Helse Førde sine føringer.
- Rutine for mobil beredskapstelefon vert ikkje etterlevd.
- Ynskje om tilrettelagd simulering/øving som kan gjennomførast i avdelingane for å gjere seg tryggare i eiga rolle ved bortfall av enkeltsystem/totalt bortfall. Særleg nye sjukepleiarar og legar har liten rutine med å handtere papirbaserte løysingar og treng å øve på dette.

### *Sikring av beredskapsmateriell*

Tilstrekkeleg lagringsplass for beredskapsutstyr som gjer det mogeleg med god sirkulasjon av materiell, er viktig. Vi vonar at ein regionalt beredskapslager vil dekke funksjonen. Helsestyremaktene har også utarbeidd framlegg om at helseføretak og kommunar skal ha beredskapslager for seks månader drift. Framlegget er på høyring.

### **Handlingsplan 2023-2024**

Planverket vert stadig forbetra og oppdatert. Likeins forsøker ein å gjere det meir tilgjengeleg.

Vidare satsar ein på:

- Halde fram med å implementere god CBRNE-beredskap
- Øve intern samhandling og god kommunikasjonsberedskap
- Sikre samhandling med eksterne aktørar
- Auke beredskapskompetansen i Helse Førde – gjennomføre beredskapsvisitt og bruke bordøving.
- Halde fram med opplæring av tilsette i beredskapsplanverk
- Utvikle betre delplanar for beredskap i samsvar med dei ulike einingane og sikre gode delplanar med tiltakskort og sjekklister
- Øve sikkerheitsorganisasjonen og sikre mottak av kryptert informasjon
- Gjennomføre tiltak som vert gjeve i styringsdokumentet
- Følgje opp nasjonale føringar for beredskapsarbeidet
- Delta og gjennomføre lokale og regionale varslingsøvingar

### **Konklusjon**

Beredskapsarbeidet har også i år vore påverka av ustabilitet i vår del av verda. Det har vore fokus på organisering av CBRNE-handtering og masseskade/mange pasientar. Helse Førde har delteke aktivt i utarbeiding av Helse Vest RHF sin delplan CBRNE-beredskap. IKT-beredskapen er for lite kjent, og tiltak er sett i verk for å betre denne. Det gjeld også utarbeiding av ROS-analyse innan området.



Det har vore både fullskalaøvingar og bordøvingar. Det er gjennomført møte med politiet, LRS og fylkesberedskapsråd.

Det er fokus på sivil-militært samarbeid også i vårt område. Det er ikkje etablert felles sivil beredskapssystem saman med primærhelsetenesta og andre aktørar. Helse Førde har utarbeidd plan og retningslinjer for sikkerheitsorganisasjon.

Det vert arbeidd målretta med betre beredskapsplanar, tiltakskort og sjekklister som gjev dei tilsette støtte når hendingar oppstår.

## Vedlegg:

---

### Oversyn beredskapshendingar siste 12 mnd.

09.09.2023	DIPS-oppgradering	- Grøn (planlagt)
16.08.2023	Straumen er borte ved LSH	- Grøn
06.08.2023	Ekstremværet Hans	- Grøn
24.07.2023	Bortfall av straum NSH	- Gul
09.06.2023	Bortfall av straum FSS	- Normal – oppjustert Gul
30.06.2023	Problem med telefoni ved FSS	- Normal
26.04.2023	Omkopling av straumforsyning NSH	- Grøn (planlagt)
22.04.2023	Omkopling av straumforsyning NSH	- Grøn (planlagt)
22.04.2023	Oppgradering av DIPS	- Grøn (planlagt) - oppjustert Gul
25.02.2023	Ricin-forgifting	- Normal
03.02.2023	Oppgradering Sectra radiologisk system-	Grøn (planlagt)
10.01.2022	Ekstremværet Gyda	- Normal
17.01.2023	Problem med diverse system	- Normal
14.12.2022	Oppgradering av DECT-telefonar og diverse kommunikasjonsløyser	- Grøn (planlagt)
10.11.2022	Store nedbørsmengder og jordskredfare-	Normal
09.11.2022	Oppgradering av Meona	- Grøn (planlagt)
31.10.2022	Problem med IMATIS	- Grøn
11.10.2022	Problem med pålogging av PC	- Rød
01.10.2022	DIPS-oppgradering	- Grøn (planlagt)
25.09.2022	Problem med pålogging i Meona	- Normal